



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 17. september 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 58/19

Til saksnummer: 63/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)

Arvid Kaspersen (nestleiar)

Kjersti M. Berge

Jens Kåre Stokka

Hans Voll

Borghild Friestad (varamedlem)

Andre:

Arne Tveranger, Ronny Isaksen, Atea og Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Ivan, Marit Høie (permisjon) og Dagfinn Steinnes

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 17. september vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 27. august vart godkjend.

SAK 58/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Programmet for kvelden med Roy Godwin er lagt. Det er lokale krefter som leier kvelden, både musikalsk, ved forbønn, det tekniske (lyd og bilete) og leiing av kvelden. Ivan og Nicolai leier i lag. Det er også behov for vertar, ein ventar mykje folk. Me skal ha kaffi/.

Ivan tek delansvar for formidlinga på Alphakurset. Fleire i husgrupper kan bidra, både undervegs og i etterkant dersom nye husfellesskapsgrupper oppstår. Ei husfellesskapsgruppe er i gang med Alpha-opplegg allereie og vil kunna bli ressurspersonar for kurset.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak

Bore sokneråd arrangerer Alphakurs til våren. Ivan har hovudansvaret. Me drøftar vidare på neste møte.

SAK 59/19**Informasjon frå og til fellesrådet****Drøfting**

Rekneskapet er ikkje eit godt nok styringsreidskap for økonomien. Fellesrådet ber kommunen om å hjelpa til slik at ein også kan utarbeida økonomiske prognoser.

Når fellesrådet søker kommunen om midlar i samband med budsjettet så må ein vera tydeleg og målretta. Parkeringsplassen ved Bore kyrkje er for liten og dette er ein sikkerhetsrisiko som kommunen har ansvar for. Det vert søkt om midlar til utviding på budsjettet for 2020.i oversending

Forslag til vedtak

Soknerådet tek saka til orientering

Vedtak

Soknerådet tek informasjon frå fellesrådet til orientering.

SAK 60/19**Ny LCD-skjerm i kyrkja****Drøfting**

Ronny Isaksen frå Atea var invitert i møtet. Atea, saman med Arne, har sett på ulike løysingar for å fornye/erstatte projektoren som vi nå har

brukte i mange år og som truleg snart må erstattast. Han meiner det er mange moglege løysingar ved å erstatte projektor med skjermar. Ein kan starta ut med to skjermar eller ein skjerm og projektor/lerret i kombinasjon. Det er og mogleg å kombinera med små skjermar under galleriet, i koret, på kyrkjeloftet og overføring til kyrkjestova. Det kan vera visse utfordringar når ein skjerm er i portrettmodus og ein i landskapsmodus. Dette er eit modulbasert opplegg. Dersom ein startar med to skjermar og to medskjermar (organist og prest) og eit nytt kamera kan ein byggja ut etter behov. Må også få eit armoppheng for veksling mellom landskap- og portrettmodus. Leveringstid frå bestilling til oppheng er om lag ein til to månadar.

Forslag til vedtak Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Vedtak Bore sokneråd ønskjer tilbod frå Atea på to skjermar, to medskjermar og eit kamera, det tekniske utstyret som trengs – i tillegg til andre løysingar som kan bli brukt på sikt.

SAK 61/19 Resultat og evaluering kyrkjevalet 2019

Drøfting Planleggjing, gjennomføring, oppteljing og etterarbeid har gått bra i Bore. Det var svært ressurskrevande og tidesvis frustrerande, særleg med tanke på det datamessige og endringar i utrekninga når det gjaldt 5% regelen. Talet på ekstrastemmer bør aukast til 6 (frå 3) for soknerådslistene. Ved å auke antall «kryss» kan dei som stemmer tydelegare få vist kven dei ynskjer skal sitte i soknerådet.

Forslag til vedtak Valstyret (soknerådet) signerer protokoll

Vedtak Valstyret (soknerådet) signerer protokoll. Ønskje om auke i talet på ekstrastemmer, blir fremja via kyrkjeverje.

SAK 62/19 Konfirmantfest i Bore sokn

Drøfting

Forslag til vedtak Forslag til vedtak:

1. Samtalegudstenesta og konfirmantfesten held fram som før.
2. Samtalegudstenesta blir lagt til ei ordinær gudsteneste med involvering av konfirmantane. Soknerådet arrangerer konfirmantfest som før med konfirmantar og foreldre.
3. Samtalegudstenesta blir lagt til ei ordinær gudsteneste med involvering av konfirmantane. Soknerådet arrangerer konfirmantfest kun for konfirmantar, målretta i både innhald og uttrykk.

Vedtak Saka utsett til neste møte. Johannes blir med.

SAK 63/19 ORIENTERINGSSAKER

Drøfting Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak

Vedtak Soknerådet tar saka til orientering.

EVENTUELT

Torleif Hodne sitt initiativ til å få Svein Tindberg si framsyning «Som skrevet står» til Bore kyrkje, vert applaudert av soknerådet. Han blir bedt om å kontakta Tindberg for å finna ein søndag før påske 2020.